12.000 i basarinntekt for Vonheim

08.11.2009

Dei som bur frå Haugland og oppover dalen er framleis svært flinke til å slutta opp om og støtta forsamlingshuset sitt. Under den tradisjonelle Vonheim-basaren, som vart halden sundag kveld, var over 50 tilstades.

Dei var såpass rause med å ta lodd og kjøpe årer at inntekten av basaren vart rundt rekna 12.000 kroner dette året. I fjor var dei oppe i 13.000, men leiar Britt Torill Mathiesen er svært godt nøgd med resultatet.

Inger Elise Helgeland heldt andakten dette året og det var som vanleg rikeleg servering.
Leiaren er ikkje berre fornøgd med resultatet, ho er også imponert over kor flinke folk i området er til å gje til basaren. Det er slett ikkje nødvendig å 'spe på' med innkjøp av gevinstar.

Som tradisjonen også tilseier vart det halde årsmøte i kombinasjon med basaren og leiaren held fram. Ingunn Myklebust går ut og Andreas Kristoffersen kjem inn. Det blir arbeidd med å finna ein erstattar for Anne Kjersti Lunde, som heller ikkje ønskjer attval-Kåre Vetrhus og Anne Grethe Musland står att i styret.

Vanninnsig frå sør i kjellaren er eit aktuelt problem for Vonheim og dette har Kåre Vetrhus lova å ta seg av. Elles gjer styret ein innsats for å redusera store, faste utgifter, til dømes til forsikring. Ei avtale med kommunen om toalettbruk i samband med skulehuset har styrka økonomien.

På bildet over er basaren sett frå fugleperspektiv medan loddsalet er igang under.

Av Ola Matti Mathisen